

# Kontrollutvalget i Forsand kommune

## Møteinnkalling

Møtested:	Møterom oppe
Dato:	11.11.2013
Tidspunkt:	Kl. 13.00
Møtenr:	

### Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
<a href="#">18/13</a>	Godkjenning av protokoll frå møtet 16. september 2013
<a href="#">19/13</a>	Orientering om kommunens budsjett for 2014 og økonomiplan for 2014 - 2017
<a href="#">20/13</a>	Rapport forvaltningsrevisjon Barnevern i Forsand kommune
<a href="#">21/13</a>	Oppfølging av selskapskontroll: Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS
<a href="#">22/13</a>	Bestilling forvaltningsrevisjon: Pleie og omsorgstenester i Forsand kommune
<a href="#">23/13</a>	Bestilling selskapskontroll: Eigarskapsforvaltning
<a href="#">24/13</a>	Kontrollutvalet sin årsplan for 2014
<a href="#">25/13</a>	Statusoversikt - november 2013

### Referatsaker/meldinger

Periode:	16.09.2013 - 11.11.2013	
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel

Vennlegast meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 04.11.2013

Inger Anita Merkesdal  
Leder av kontrollutvalget

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

## **18/13 Godkjenning av protokoll frå møtet 16. september 2013**

Arkivsak-dok. 13/00014-5  
Arkivkode. 033  
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	18/13

Protokollen frå møtet den 16. september 2013 vart lagd fram for kontrollutvalet i Forsand til godkjenning, så vedlegg.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 16. september 2013.**

SANDNES, 31.10.2013

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 16.09.2013](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **19/13 Orientering om kommunens budsjett for 2014 og økonomiplan for 2014 - 2017**

Arkivsak-dok. 13/00330-1  
Arkivkode. 151  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	19/13

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med kommunen si forvaltning. Ein viktig del av dette er å sjå til at kommunen har ei forsvarleg økonomistyring. Som eit ledd i dette tilsynet pleier kontrollutvalet å be om å få ei orientering om årsbudsjettet for komande år og økonomiplanen for dei neste fire åra.

### **Saksutgreiing**

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere kontrollutvalet om budsjett 2014 og økonomiplan 2014 – 2017.

Budsjett og økonomiplan vert send kontrollutvalet i papirversjon frå kommunen.

[Link til budsjettet finn du her](#)

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si utgreiing til orientering.](#)

SANDNES, 01.11.2013

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **20/13 Rapport forvaltningsrevisjon Barnevern i Forsand kommune**

Arkivsak-dok. 13/00214-2  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	20/13

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjonen ”Barnevern” i møte 03.12.2012, i tråd med gjeldande plan for forvaltningsrevisjon og innanfor kontrollutvalets budsjettamme.

Forvaltningsrevisjonen har fleire formål, då den skal forsøke å sei noko om årsaka til

- *Den sterke veksten i utgiftene*
- *Det sterke auken talet i på ansvarsovertakingar*
- *Kvifor mange barn i kommunen har tiltak frå barnevernet*

Føremålet er utdjupa med følgjande problemstillingar, som skal undersøkast i forvaltningsrevisjonen:

- *Kva faktorar forklarar utgiftsveksten, spesielt mot. tiltak utanfor heimen?*
- *Kva er det som kan forklare de sterke auken i talet på omsorgsovertakingar? Har det vore mange ankesaker i fylkesnemnda, og i kva grad har kommunen fått medhald?*
- *Kvifor er det så mange barn i kommunen som har barnevernstiltak? Og kva tiltak har dei? I kva grad vert tiltaka evaluert og avslutta?*
- *Korleis fungerer samarbeidet internt i kommunen?*
- *Korleis fungerer samarbeidet med eksterne (andre kommunar Bufetat osv?)*

### **Saksutgreiing**

Kontrollutvalet har motteke rapporten om forvaltningsrevisjonen ”Barnevern” frå Rogaland Revisjon IKS.

Rapporten bygger på intervju med sentrale leiarar i kommunen, tilsette i barnevernet, kontaktar som skule, barnehage, PPT og helsesystemer. Revisjonen har og nokre fosterforeldre og tilsynsførarar. I tillegg er det nytta dokumentanalyse av skriftlege kjelder og nøkkeltal basert på offentleg statistikk.

Revisjonen peikar på at organisering og bemanning er kritiske faktorar for små einingar som barnevernet. Små endringar i kan difor gjere store utslag i indikatorar som produktivitet og sjukefråvær. Barnevernet i Forsand hadde i periode 2010 – 2012 to årsverk fordelt på tre tilsette. I 2013 er det to tilsette på 1,8 årsverk. Revisjonen uttrykkar likevel at det overordna inntrykket er at kommunen ligg på nivå med andre kommunar i same situasjon.

Delen av barn med barnevernstiltak er markert høgare i Forsand enn andre kommunar, men revisjonen peikar ikkje på konkrete forklaringar på dette. Utgifter til barnevern dei siste tre åra har vakse med om lag 50 %, og er langt høgare enn i dei fleste norske kommunane. Revisjonen meiner difor at kommunen bør analysere dette nærare.

Kommunen har dei seinare år motteke fleire meldingar og gjort fleire undersøkingar. Talet på fristoverskridingar var høgt i 2010, men er gått noko ned. Kommunen har likevel eit forbedringspotensial her. Høgt sjukefråvær, og tyngre sakar har nok medverka til fristoverskridingar på undersøkingar.

Barnevernet deltek i eit tverrfagleg samarbeid med skule, barnehage. Terskelen for å få kontakt barnevernet synes låg.

Kva som er årsaka til auke i tale på omsorgsovertakingar er ikkje lett seie. Revisjonen peikar imidlertid på at i den same perioden har barnevernet fått medhald i alle saker i fylkesnemnda. Saker som har vore anka til rettssystemet har og enda med medhald til barnevernet.

Tilbakemeldingane frå fosterforeldre og tilsynsførarar er positive.

Barnevernet i Forsand har samarbeid med nabokommunane i form av kompetanseutvikling og erfaringsutveksling.

Revisjonen kjem med følgjande tilrådingar til kommunen:

- *Vurdere hvordan stabilitet og kontinuitet i bemanningen kan sikres over tid.*
- *Vurdere hvordan man kan redusere antall fristoverskridelser ved håndtering av meldinger og gjennomføring av undersøkelser.*
- *Sørge for at lovkravene om oppfølging og kontroll av barnets situasjon i fosterhjemmet, samt lovkravene om tilsyn med fosterhjemmene, blir fulgt opp.*
- *Fortsatt vurdere om interkommunalt samarbeid kan styrke barnevernstjenesten.*

I følge revisjonsføreskrifta § 8, 2. skal administrasjonssjefen (rådmannen) gis anledning til å gi uttrykk for sitt syn på de forhold som kommer fram i rapporten. Administrasjonssjefen sine kommentarar skal også gå frem av sjølve rapporten, sjå vedlegg 3.

I sin kommentar slutar Rådmannen seg til tilrådingane i rapporten.

Etter forskrift om kontrollutval § 12 skal kontrollutvalet følge opp vedtak som kommunestyret gjer ved handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon.

I følge rundskriv H-02/06 skal kontrollutvalet innstille direkte til kommunestyret i saker som gjeld behandling av rapportar.

#### KONTROLLUTVALET RÅR KOMMUNESTYRET TIL Å GJERE FØLGJANDE VEDTAK:

1. Kommunestyret i Forsand tek forvaltningsrevisjonen "*Barnevern*" til orientering
2. Rapporten vert oversend rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret får tilbakemelding via kontrollutvalet om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgd opp ca 6 månader etter at kommunestyret fatta vedtaket.

SANDNES, 01.11.2013

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[RR Forsand 2013 Barnevern](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **21/13 Oppfølging av selskapskontroll: Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS**

Arkivsak-dok. 13/00211-6  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	21/13

### **Bakgrunn:**

Selskapskontrollen i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS ble behandla i kontrollutvala og kommunestyra våren 2013.

Det ble da fatta følgjande vedtak punkt. 2: *Rapporten oversendes eierkommunene og selskapet. Selskapet ble bedt om å ta stilling til rapportens konklusjoner og anbefalinger. Kontrollutvalget følger opp anbefalingene i løpet av høsten 2013.*

Rapporten hadde anbefalinger til både eigarkommunane og selskapet. Men sidan alle eigarkommunane i løpet av 2013 og 2014 kommer til å gjennomføre kontroll av eigarskapsforvaltninga i kommunen, blei det tilrådd at kontrollutvala i denne kontrollen berre skulle følgje opp anbefalinger retta til selskapet:

#### **ANBEFALINGER TIL SELSKAPET:**

- *Styret bør utarbeide en styreinstruks. Styret bør foreta en årlig skriftlig egenvurdering. Styret bør registrere seg i KS sitt styrevervregister.*
- *Selskapet bør innhente et formelt skattefritak for sin virksomhet.*
- *Selskapet bør utarbeide et HMS-system. Selskapet bør vurdere valg av verneombud eller bruk av annen ordning.*
- *Selskapet bør påse at lovregler om offentlige anskaffelser følges for både vare- og tjenestekjøp.*

### **Saksutredning**

Selskapet har i epost 20.09.2013 med vedlagte referat frå styremøta 21.03.2013 og 27.08.2013, gitt tilbakemelding på korleis selskapet har tenkt å følgje opp anbefalingane i rapporten:

- Styreinstruks er vedtatt i styremøte 27.08.2013
- Styre er registrert i styrevervregisteret
- Søknad om skattefritak er sendt.
- Selskapet har valt verneombod og starta med å utarbeide HMS
- Selskapet har to kontaktar som vil bli lyst ut i tråd med regelverk for offentlige anskaffingar.

Tilbakemeldinga frå selskapet dekker alle anbefalingane i rapporten.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Forsand tek tilbakemeldinga frå selskapet, på oppfølging av selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS, til orientering.

Saka vidaresendast til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 24.09.2013

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Oppfølging av selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS](#)

[Referat styremøte IKA 210313](#)

[Referat styremøte IKA 270813](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## 22/13 Bestilling forvaltningsrevisjon: Pleie og omsorgstenester i Forsand kommune

Arkivsak-dok. 13/00327-1  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	22/13

### Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møtet 16. september 2013, å be Rogaland Revisjon lage eit utkast til prosjektmandat for bestilling av forvaltningsrevisjon av *Pleie og omsorgstenester i Forsand* i 2014. Sekretariatet har motteke utkast til prosjektmandat som ligg ved saken.

Når kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide forslag til mandat, vedtaket, seier kontrollutvalet at prosjektet skal leggje vekt på evaluering av drifta med omsyn til effektivitet, produktivitet og måloppnåing, kor arbeidsmiljø og høgt sjukefråvær bør inngå.

### Saksutgreiing

Πρωτοφρονεν φ/ρεσλΣρ φ/λγφρανδε φορμΣλετ μεδ ρεπρωφρονεν:

*Prosjektet vil se nærmere på årsakene til høye utgifter og et høyt antall tjenestemottakere innen pleie- og omsorgstjenesten. Prosjektet vil også se nærmere på nivået og kvaliteten på tjenestene som gis. I forlengelsen av dette vil en se om det er mulig å peke på muligheter for å effektivisere driften av pleie- og omsorgstjenestene.*

Ut frå dette har revisjonen føreslått fylgjande problemstillingar som skal undersøkjast:

- *Hva er de viktigste årsakene til det høye utgiftsnivået?*
- *Hva er de viktigste årsakene til at Forsand har langt flere brukere av pleie- og omsorgstjenester enn sammenlignbare kommuner?*
- *Hvordan er kvaliteten på de tjenestene som ytes?*
- *Er det på bakgrunn av de andre problemstillingene mulig å peke på muligheter for å effektivisere driften av pleie- og omsorgstjenestene?*

Revisjonen planlegg å bruke 150 timar på prosjektet.

Me visar elles til prosjektmandatet for nærare opplysningar om bakgrunn, revisjonskriteriar og metodeval.

Kontrollutvalet må vurdere om føremålet og problemstillingane dekker det utvalet ønskjar at forvaltningsrevisjonen skal sjå på. Mellom anna bør utvalet vurdere om mandatet dekkjande med omsyn til arbeidsmiljø og sjukefråvær. Dersom det er andre problemstillingar o.a. som ein ynskjer å ha med i bestillinga, må desse takast med i møtet, då bestillinga er styrande for korleis forvaltningsrevisjonen vert gjennomført.



## FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonen barnevern i tråd med det framlagde forslaget til prosjektmandat, med dei endringane som kom frå i møtet.

SANDNES, 31.10.2013

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

### **Pleie**

[Forsand 2013 - Forslag til mandat: "Pleie og omsorg"](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**23/13 Bestilling selskapskontroll: Eigarskapsforvaltning**

Arkivsak-dok. 13/00326-1  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	23/13

**Bakgrunn**

Eigarskapsforvaltning er den obligatoriske delen av selskapskontroll, som kontrollutvalet er pålagt å gjennomføre. Bestilling skjer i tråd med vedteken plan for selskapskontroll og innanfor kontrollutvalet si budsjetttramme.

**Saksutgreiing**

Føremålet med eigarskapskontrollen er å sjå til korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det sjåast òg på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det enkelte eigarskap (selskap) vert følgd opp reint praktisk

Problemstillingane som utdjupar føremålet er som følgjer:

- Har kommunen etablert tydelige føringer for sine eierskap (selskaper)?
- Har kommunen etablert hensiktsmessige regler og rutiner for eierskapsoppfølgingen, herunder føringer og rapporteringer mellom kommunestyre og eierrepresentant?
- Forvaltes kommunens eierskap i tråd med de etablerte regler og rutiner?

Prosjektet har ei tidsramme på 100 timar

Kontrollutvalet må vurdere om dei meiner at problemstillingane er dekkjande for det som kontrollen skal omfatte. Om utvalet meiner at der er fleire/andre problemstillingar som skulle vore med i mandatet, er det viktig å få desse fram, slik at dei kan takast med i bestillinga. Bestillinga som kontrollutvalet gjer, vert styrande for den rapporten som kontrollutvalet får når kontrollen er gjennomført.

Då kontrollutvalet har ikkje nok midlar innan budsjettet til å gjennomføre begge rapportane i 2014, vert denne rapporten slutført i 2015.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand bestillar Eigarskapsforvaltning i tråd med framlagd prosjektmandat og med dei endringar som kom fram i møtet.**

SANDNES, 31.10.2013

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Forsand 2013 forslag til mandat: "Eierskapsforvaltning"](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**24/13 Kontrollutvalet sin årsplan for 2014**

Arkivsak-dok. 13/00328-2  
 Arkivkode. 146  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	24/13

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet og inngår som ein del av kontrollutvalet sin rapportering til kommunestyret.

**Saksutgreiing**

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandling i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet reknar med å arbeide med i året som kjem. I vedlegg er forventa saker delt ut på dei einskilte møta i året som kjem.

Planen si oversikt over oppgåver for komande år er basert på kva me kjenner til i dag. Samstundes er planen likevel så fleksibel at kontrollutvalet kan gripe fatt i saker som oppstår undervegs i året. Ei anna forhold er at saker kan verte forsinka eller må flyttast på grunn av saksmengde til eit møte.

Som nemnt er årsplanen òg ei del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedtekne årsplanen blir difor oversendt kommunestyret til orientering.

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet i Forsand vedtek årsplanen 2014 med dei endringane som kom fram i møtet
2. Vedteken plan vert send til kommunestyret til orientering

SANDNES, 31.10.2013

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Årsplan 2014 - Forsand kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**25/13 Statusoversikt - november 2013**

Arkivsak-dok. 13/00087-8  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	11.11.2013	25/13

**Bakgrunn**

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

**Saksutgreiing**

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

I oversikta er det lagt opp til at rapportane som er bestilt men ikkje levert, vert levert i 2013. Om dette let seg gjere, avhengar av revisjonen sin kapasitet.

Følgjande saker vert behandla i dette møte:

- Rapport forvaltningsrevisjon: Barnevern
- Oppfølging SK: Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS
- Bestilling FR: Pleie og omsorgstenester
- Bestilling SK: Eigarskapsforvaltning (obligatorisk kontroll)

Rapportar som skal følgjast opp i neste møte:

- Oppfølging FR: Anskaffingar

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt kontrollutvalet sine saker – november 21013 til orientering**

SANDNES, 31.10.2013

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker - november 2013](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*